



Statens vegvesen
Rogaland

Rygjavegen

Nr. 1
januar 1996
24. årgang

Paul Torin Våge i arbeid
på fylkesveganlegget
Vik-Tednes/Erøy-Bogsund
i Erfjord. (Side 18.)



- 4** Bente Kogstad: Ny administrasjonssjef
- 5** «Nye hus» og «nytt liv» i Karmsundgata
- 6** Miljøsatsing på Madla
- 7** Ny steinkvelvbru i Sogndalstrand ?
- 21** Endre Kulleseid: Ny hovudtillistvald i NAF

Rygjavegen

Nr. 1 - januar 1996

Redaktør
Harald Sel

I redaksjonen
Eva Vivoll

Redaksjonsråd
Lewy Dalen
Halvor Folgerø
Anne Elise Njærheim
John Mathias Mathiassen
Sigurd Sæland
Reidun Vehus

Sats/layout
Sissel Gro Norland

Trykk
Allservice A/S

Forsidefoto
Harald Sel

Baksidefoto
Harald Sel

Opplag
1900 eksemplar

Vegsjefens

3 minutter...

Det er en gjeng her ved vegkontoret som i de siste månedene og ukene har hatt det meget travelt. De har foretatt omfattende registreringer av riksvegnettet, de har studert rettleidninger fra Vegdirektoratet og de har kjørt EDB-program som jeg for min del har svært lite rede på.

Vi er for åttende gang i ferd med å revidere vårt viktigste styringsdokument: Norsk Veg- og Vegtrafikkplan. Slike revisjoner har alltid vært arbeidskrevende og ressurskrevende, - og denne gang mer enn noen gang før.

Vi skal nå for første gang bygge vår langtidsplan på helt nye modeller og en helt ny filosofi. Vegdirektoratet har lagt opp løpet trinn for trinn både for hvorledes vi skal tenke og hvorledes vi etter hvert skal arbeide oss fram til et sluttresultat som vi kan presentere for våre politikere.

Det er et spennende og vanskelig arbeid denne gjengen holder på med, og jeg vil gi dem alle ros og takk for engasjement og arbeidsinnsats. Jeg vet at de alle er stemt for å komme fram til et resultat som de kan stå for faglig og profesjonelt, og som blir ferdig innen tidsfristen som er 1. mars i år.

Lykke til med arbeidet!



Likestillingsprisen 1995

Aller først, tusen takk!

Da vi fikk beskjeden om at Likestillingsprisen for 1995 skulle gå til Rygjavegen og oss var den første reaksjonen overraskelse, men også glede. Overraskelse fordi vi vel aldri hadde tenkt tanken om at prisen kunne tildeles oss. Glede fordi vårt arbeid i Rygjavegen er blitt lagt merke til og verdsatt.

Statens vegvesen er som kjent en mannsdominert arbeidsplass. Men i løpet av de siste årene har flere og flere jenter funnet sin plass her. Både i før så typiske yrker for menn, men også i andre stillinger. I Statens vegvesen får både kvinner og menn anledning til videreutvikling og videreutdanning.

Opplæring og kompetansesikring står stadig på dagsorden. Dette er viktig å få fram, og vi føler at Rygjavegen, med et opplag på nesten 2000, er rette forum å formidle dette i.

Å få Likestillingsprisen både forplikter og oppmuntrer. Plaketten henger på vegg, og vil stadig være en påminnelse om å arbeide aktivt for å få fram likeverdet. Og vi vil fortsatt bruke Rygjavegen, men da trenger vi også lesernes hjelp.

Har du tips, så ta kontakt med Harald eller Eva på Infotjenesten.

Harald og Eva

INNHALD

Vegsjefens 3 minutter	2
Likestillingsprisen 1995	2
Kvalitet - et konkurransefortrinn ?	3
Miljøatsing på Madla	4
Uvisst om ny vegsjef	4
Vår første kvinne på avdelingsledernivå	5
Lydisolering og rehabilitering i Karmsundgata	6
Rasfarleg på Ryfylkevegen	7
Ny steinkvelvbru i Sogndalstrand?	7
Tunneler eller bruer mellom Haugesund, Karmøy og Tysvær?	8
Produksjonsområde Haugesund	10
Toplankryss mellom stamvegar ved Våg	12
Lysefjordbrua	13
Dei ventar på ny trafikkstasjon i Egersund	13
Tau veg- og trafikkstasjon i DnV	14
Ny maskin-investering	15
Hans Svanes: Over 40 år i same arbeid	16
Forslagspremie til Terje Børsheim og Hilmar Selseng	17
Opprustning av fylkesveg i Erfjord	18
Kryssord	19
Kryssomlegging og ny bussterminal på Norheim	20
Endre Kulleseid: Ny hovudtillitsmann NAF	21
Kjøretøykontroll i Sand	22
15 år med bedriftsandakt	22
Pensjonist-julemøte i sør-fylket	23
Julegraut i Egersund	23
Klokke for 25 års teneste	24
Årets medarbeidar på Vegkontoret	24
Arbeidsmiljøprisen 1995	25
Likestillingsprisen 1995	25
Personalnytt	26
Helse, miljø sikkerhet	26
Redaksjonsrådet for Rygjavegen	27
Rygjavegen i ny utforming	27
Tillitsvalgtes spalte	27

Kvalitet

- et konkurransefortrinn ?

Av trafikkisjef Svein Magne Olsen



Konkurranseevnen til Statens vegvesen er på ny satt i fokus. Spesielt er dette knyttet til produksjonsvirksomheten, men også til EØS-kontroller ved trafikkstasjonene. Fokuseringen på konkurranseevne har igjen skapt uro - det er blitt en diskusjon om privatisering er en av målsettingene med Det nye Vegvesenet.

Konkurranseevnen drøftes ut fra en sammenligning av enhetspriser (produksjon) og markedsandeler (kjøretøykontroll).

Drøfter vi imidlertid vedlikeholdsproduksjonen og EØS-kontroller må fokus også rettes mot andre kriterier enn rene økonomiske målinger - spesielt kvaliteten på utført arbeid.

Kvalitet skal måles i forhold til gitte krav (standarder). Slike krav er formulert for drift av vegnettet. Følges disse kravene vil dette gi seg utslag i at de fleste trafikantene kan ferdes sikkert og komme frem til rett tid. Vegvesenet har gjennom en årrekke opparbeidet seg et meget godt omdømme når det gjelder drift av vegnettet.

Jeg vet at våre ansvarsbevisste og dyktige medarbeidere som utfører vedlikeholdsproduksjonen er opptatt av å ta vare på dette omdømme, dels ut fra egen yrkesstolthet, men også fordi man vet hva dette betyr i diskusjonen om fremtidige arbeidsplasser. Kvalitet på utført arbeid i egen regi er et særs viktig kriterium for hvorvidt egenregi fortsatt skal være den naturlige og dominerende regiform når det gjelder drift og vedlikehold av vegnettet.

Jeg er dessuten overbevist om at rett kvalitet ikke behøver å koste mer, og at vi vil makte å kombinere kravene til økonomi og kvalitet bedre enn våre konkurrenter. Vi må imidlertid være opptatt av det samme målet alle - uansett hvilken avdeling vi tilhører og hvilket nivå vi arbeider på.

På samme måte tror jeg at kvalitet og service blir avgjørende for hvorvidt vi oppnår høye eller lave markedsandeler i den konkurranseutsatte kjøretøykontrollen. Vi er et nøytralt organ som har godt omdømme når det gjelder kvalitet. Dette har bileierne merket seg, og klarer vi å koble dette sammen med et mer servicepreget system, så vil markedsandelen øke uten omfattende markedsføringstiltak.

Min konklusjon blir derfor at vi **ikke** må redusere på kravet til kvalitet - dette har vært og er fortsatt vårt viktigste konkurransefortrinn. Rett kvalitet på utført arbeid sikrer våre arbeidsplasser på lang sikt !

Ein del av det halvferdige anlegget med mur og natursteinmarkering mot Hafrsfjord.

På ein del av strekninga er det bygt fiskeplatå langs fjorden, nedanfor gang- og sykkelvegen. Nær ved blir det også anlagt rasteplass med naturutforming

Einestående prosjekt: Miljøsatsing på Madla

200 meter fortau, 1.150 meter gang- og sykkelveg, natursteinmur og natursteinmarkering mot sjøen, 80 meter fiskeplass-platå, rasteplass med parkutforming. Dette er hovudingrediensane i eit miljøprosjekt, som er einestående i Statens vegvesen Rogaland si historie.

Tekst og foto: Harald Sel

Det er langs fylkesvegen frå Regimentvegen (ved Madlamoen), Møllebukta, forbi nasjonalmonumentet, Sverd i fjell, og fram til Sola grense, den omfattande miljøopprustninga er på gang. Frå seinsommaren i år vil både mjuke og harde trafikantar få glede og nytte av arbeidet. Gåande og syklande kan ta seg trygt fram, skjerma frå biltrafikk. På den parkutforma rasteplassen kan alle slappa av. Og har ein fiskestong med, kan ein prøva fiske i Hafrsfjord. På fiskeplatået ned mot sjøen, vil ein til og med få god støyskjerming frå vegtrafikken.

Den naturlege Stavangersteinen

Steinen til murane og plastringa mot sjøen er overskotsmasse frå miljøtunnelen på Rv 1 i Hillevåg. Dette er fyltstein, som ikke blir rekna som den finaste til natursteinmuring. På den andre sida er det stort sett denne bergarten ein finn i

Stavanger-området, så fyltitten er sånn sett eit naturleg byggemateriale.

Miljøpakke-prosjekt til 5 mill.

At Statens vegvesen kan bruka eigen stein, gjer prosjektet ein del billigare enn om ein måtte kjøpa stein. Likevel vil prosjektet kosta ca 5 millionar kroner, inkludert grunninnløyning. I denne summen er også medrekna vegundergang ved avkjøringa til bustadfeltet i Madlalia. Prosjektet inngår i den såkalla miljøpakken for Stavanger, der Stavanger kommune og Statens vegvesen betaler 50 prosent kvar. For kvart av dei sju åra

frå 1995 til 2001 skal både kommunen og Vegvesenet bruka 4 millionar på ulike miljøtiltak i Stavanger.

Hafrsfjord rundt, neste

Når fortauet/ gang- og sykkelvegen frå Regimentvegen til Sola grense er ferdig, vil det berre mangla 700 meter på at det er samanhengande gang- og sykkelveg (fortau) rundt heile Hafrsfjord. Det som står igjen er strekninga frå Sola grense til Grannes. Planarbeid er i gang, også for denne strekninga. Men det er uvisst kor tid ein kan få midlar til å byggja det manglande gang- og sykkelveg-leddet.

Uvisst om ny vegsjef

Når Ryggavegen går i trykken, er det ennå ikkje avgjort kven det sentrale innstillingsrådet i Statens vegvesen innstiller til vegsjefstillinga i Rogaland. Også Fylkesutvalet i Rogaland skal uttala seg om søkjarane til stillinga, før Chester Danielsen sin etterfylgjar blir tilsett av Samferdselsdepartementet.

«I only have rooms for officers» var beskjeden Bente fikk av den irske leirkommandanten da hun kom til Libanon for å tjenestegjøre. Bente skulle arbeide som stabsoffiser i FN-bataljonen, og var dermed godt kvalifisert til å få rom. Heldigvis er vi kommet noe lengre, og det var god plass for Bente i sjefssjiktet i Statens vegvesen Rogaland. Hun er nemlig

• vår første *kvinne* PÅ AVDELINGSLEDERNIVÅ

Tekst og foto av Eva Vivoll

For å plassere Bente Finnestad Kogstad på kartet kan vi fortelle at hun er født i Kristiansand.

Hun er 35 år, gift med Even, og har to jenter, Mari og Hanne på 5 og 6 år.

Bakgrunn

Vår nye administrasjonssjef har militær bakgrunn. Hun har fullført Forsvarets befalsskole, Krigsskolen og Hærens stabsskole. Totalt 13 år har hun bak seg i Forsvaret, før hun i 1992 begynte i nyopprettet stilling som personalsjef i Stavanger Energi.

Bente forteller at det var tilfeldigheter som førte henne inn i Forsvaret. Hun begynte på Befalsskolen i 1979, to år etter at Forsvaret åpnet dørene sine for jenter. Det var og er kamp om plassene, og Bente måtte gjennom både fysiske og psykiske opptaksprøver før plassen var hennes.

Utfordringer

Å søke utfordringer og å makte å gjennomføre dem er stikkord for Bente. Utfordring var også stikkord for å søke jobben som administrasjonssjef. Innholdet i utlysningen lød spennende, og dermed sendte hun en søknad. Hun kjente lite til Statens vegvesen før hun søkte, men vet dessto mer i dag. På Administrasjonsavdelingen er hun sjef for ca 70 ansatte fordelt på 6 seksjoner + HMS.

Ennå går mye av tiden til å sette seg inn i den nye jobben.

Omsorg og støtte

Hvordan var første møte med etaten? - Veldig positivt. Jeg ble tatt godt i mot, og har truffet mange flinke og hyggelige medarbeidere. Etter at jeg hadde søkt stillingen forhørte jeg meg om etaten, og fikk mange positive tilbakemeldinger. Kunnskapsnivået er høyt, og jeg har stor tillit til seksjonslederne på avdelingen. De er selvstendige, kan sine arbeidsområder, viser omsorg og har vært en god støtte for meg. Det er mye nytt å sette seg inn i, og jeg er ennå inne i en lyttefase der jeg må absorbere det jeg ser og hører. Det er viktig at vi på avdelingen finner vår veg å gå sammen.

Vegvesenet, en mannsbastion

Bente sier at hun ikke har merket så mye til mannsdominansen i etaten ennå. -Inne på vegkontoret er det jo også mange jenter. Jeg er jo vant til å arbeide der mennene er i flertall, og har aldri følt det som noe problem. Vi arbeider på likt grunnlag og like premisser, uansett kjønn. Det er likeverdet som teller.

Fritid

Med to barn under skolealder sier det seg selv hva mye av fritiden går til. Men Bente forteller at hun liker godt å trene,



Vår nye administrasjonssjef er på plass.

noe vi så gjerne tror. Vi har ved selvsyn konstatert at Bente uten å nøle tar trappene fra møterommene i kjelleren og opp til kontoret i femte. Men hun slapper også gjerne av med ei god bok eller et strikketøy i hendene.

Drøm

Vi bærer alle en drøm i oss, så også Bente. - En gang i framtiden, når jentene er store, drømmer jeg om å reise ut, gjøre en innsats. Kanskje gjennom Røde Kors eller Redd Barna. Jeg har tjenestegjort i Libanon og reist alene rundt i fjellene i Nepal. Og mange opplevelser, på både godt og vondt, har gitt mersmak. Den drømmen håper jeg å realisere en gang, sier Bente.

Førr ei dame.....

Selv med sine 1,63 på strøpelesten og bløte sørlandskonsonanter kan Bente virke både myndig og bestemt. Men ingen skal la seg skremme. Hun betegner seg selv som direkte, uredd, allsidig og nysgjerrig, men også varm, ærlig og rettskaffen. - Jeg lar meg lett bevege, og kan som mange andre kjenne klump i halsen av flagg og korpsmusikk på 17. mai. Andre har karakterisert Bente som ei jente med både hode og hjerte på rett plass, og det er ingen dårlig attest. Vi ønsker Bente hjertelig velkommen i etaten.

«Nye hus» og «nytt liv» i Karmsundgata

Lydisolering og rehabilitering

- Dette er einestående. Me har fått eit heilt nytt liv her i huset. Støyen frå trafikken i gata, som har vore ganske plagsom, høyrer me nesten ikkje lenger.

Dette seier Jenny Lønning, som bur i Karmsundgata 103 i Haugesund. Ho er ei av fleire huseigarar ved den travle trafikkbåra som, ved hjelp frå Statens vegvesen, har fått husfasaden mot gata lydisolert og rehabilitert.



-Støyen fra trafikken høyrer me nesten ikkje lenger, seier Jenny Lønning. Ho sit ved eit av dei nye tolags «original-vindauga» og ser ut i den sterkt trafikkerte Karmsundgata. **Foto: Harald Sel**

Av Harald Sel

På sikt er det meininga at alle husa, som ligg inntil Karmsundgata, skal isolerast mot støy. Førebels skal Vegvesenet bruka ca 1 million kr på desse miljøtiltaka.

Den gamle fasaden

Jenny Lønning er ikkje berre lykkeleg over å vera kvitt den verste trafikkstøyen. At huset har fått tilbake den gamle fasaden, er ho også glad for. Kledningen er skifta og det er sett inn nye vindauger, som er nesten like dei huset opprinneleg hadde. Skilnaden er at dei nye vindauga har tolags lydisolierende glas.


Støymålingar

Lydisoleringstiltaka blir utført på grunnlag av støymålingar som er foretatt inne i husa, og i samsvar med retningslinjer frå Miljøverndepartementet. Der det er for mykje støy, har huseigarane fått tilbod om tilskot til ulike tiltak. Det kan vera skifte av vindauger, evt. berre glas, etterisolering og skifte av bordkledning. Ved skifte av vindauger, er det lagt vinn på å få inn originale vindauger, der desse tidlegare er skifta ut med f.eks. storruta glas.

Kostnadsdeling

For Jenny Lønning sin del, vil dette seia at Statens vegvesen har dekkja 50 prosent av det vindauga kosta, 70 prosent av kostnadane med ny kledning og heile kostnaden til lydisolering. - Dette har ført til at min eigendel berre er på ca 30.000 kroner, seier Jenny Lønning.

Ho gir stor ros til Statens vegvesen og etaten sine to kontaktpersonar i samband med arbeidet ho har fått utført, Ivar Hebnes og Thore Eilertsen. - Dei har vore svært hjelpsomme og imøtekomande. Eg har fått nesten alt akkurat slik som eg ville ha det, seier Jenny Lønning.




*Før og etter.
Øverst ser me
huset før
lydisoleringa*
Foto: Ivar Hebnes

*Nederst står
Jenny Lønning
framfor det
«nye huset»*
Foto: Harald Sel



Frå oppreinskingsarbeidet etter raset på Rv 13 ved Ytre Eiane. Fleire 100 m³ blei sprengt ned.



Midt i januar gjekk det eit større steinras over riksveg 13 ved Ytre Eiane, mellom Nesvik og Vindsvik i Hjelmeland. Det måtte eit stort oppreinskingsarbeid til, for å sikra vegen. Men om eit år eller to kan rasfaren vera like stor att.

Rasfarleg på Ryfylkevegen

Tekst og foto: Harald Sel

Det starta med at nokre steinar rasa ned på vegen. Desse blei raskt rydda vekk av Statens vegvesen sine folk. Men ikkje lenge etter at ryddearbeidet var ferdig, gjekk eit nytt, større ras.

Ei ny påminning om at vedlikeholdsarbeidarane til tider lever eit farleg liv. Hadde det store raset gått før dei var ferdige med oppryddinga, kunne

det fått alvorlege fylgjer.

Etter å ha vurdert situasjonen, gjekk vegvesenfolka i gang med å rydda igjen, og vegen blei opna att etter eit par timar.

Seinare er det utført eit større oppreinskingsarbeid i fjellet ovanfor rasstaden. Fleire hundre kubikkmeter stein er sprengt ned, eit arbeid som kosta ca 80.000 kroner.

Oppsynsmann Svein Fure seier at ein nå har fått ned fjellet, der faren for ras var overhengande. - Men ein vinter eller to, så kan det vera rasfarleg igjen, seier han.

Men han legg til at strekninga mellom Nesvik og Vindsvik på langt nær er den mest rasfarlege strekninga langs Ryfylkevegen.

Ny steinkvelvbru i Sogndalstrand?

Til etter 1900 var steinkvelvkonstruksjonen vanleg, ved bygging av bruer. I Rogaland er fleire av desse framleis i bruk, og ein del er restaurerte i seinare år. Mellom dei er Stranda bru i den verna ladestaden Sogndalstrand i Sokndal kommune.

Nå kan det kanskje bli aktuelt å byggja ei steinkvelvbru til i Sogndalstrand. I så fall blir det den første brua av denne typen som er bygd i Rogaland sidan åra rett etter første verdenskrigen.

Av Harald Sel Teikning: Hilmar Selseng


Større trafikk gjer at det er behov for ei ny bru over elva Sokna. Sokndal kommune skal dessutan bruka brua til å kryssa elva med ein kloakkledning. Den nye Åros bru er planlagt bygt rett før ein

kjem til den verna bebyggelsen i Sogndalstrand. For å få ei bru som passar inn i det spesielle miljøet ved Sogndalstrand, blir det vurdert å byggja ei steinkvelvbru. Problemet med eit steinbruprosjekt er først og fremst finansieringa. Mens ein kan kryssa elva med enkle brukonstruksjonar til ca 1,7 mill. kr, vil ei steinkvelvbru kosta minst 3 mill.

Kulturmidlar?

Både Statens vegvesen og Sokndal kommune arbeider med spørsmålet om å kunne få til ei finansiering for meirkostnadane. Det har mellom anna vore

kontakt med Riksantikvaren og Fylkeskonservatoren. Prosjektet med ny Åros bru med tillegg av ca 400 meter tilførselsveg, er kostnadsrekna til 3,2 mill. kr. Rogaland fylkeskommune og Sokndal kommune betaler halvparten kvar. I dette overslaget er det rekna med ein billig brukonstruksjon til ca 1,7 mill. og 1,5 mill. for resten av anlegget. Med steinkvelvingsbru vil dei totale kostnadane bli minst 4,5 mill. kr. Etter planen skal brua ved Sogndalstrand byggjast i år. Protestar og problem med grunninnløyising, kan føra til at prosjektet blir forsinka.



Slik har ein tenkt seg at ei evt. ny steinkvelvbru skal sjå ut.

TUNNELER *eller* BRUER mellom Haugesund, Karmøy og Tysvær?

Første viktige milepel i arbeidet med ny vegforbindelse mellom kommunene Karmøy, Haugesund og Tysvær, den såkalte T-forbindelsen, er unnagjort. Prosjektgruppa ved vegkontoret har i 1995 utarbeidet ei konsekvensutredning for prosjektet. Med bakgrunn i utredningen, forslår Vegsjefen at det velges kort tunnel ved kryssing av Karmsundet. For kryssing av Førdesfjorden, vil Vegsjefen avvente høringsrunden, før endelig anbefaling blir gitt. Samlet prosjektkostnad for T-forbindelsen vil bli i overkant av 500 millioner 1995-kroner.



Av Gunnar Eiterjord

Innholdet i konsekvensutredningen og hvilke temaer som skal utredes, er fastlagt av Vegdirektoratet og Miljøverndepartementet. Arbeidet med konsekvensutredningen er utført i nært samarbeid med Karmøy, Tysvær og Haugesund kommuner, berørte sektoreter, grunneiere og andre som direkte eller indirekte er berørt av prosjektet. I utredningsarbeidet har også ulike forsknings- og fagmiljøer bistått med delutredninger på spesielle temaer, f. eks. plante- og dyreliv og kulturmiljø.

Videre behandling

Konsekvensutredningen legges nå ut på høring fram til 1. mars 1996. Deretter vil konsekvensutredningen bli sluttbehandlet av Vegdirektoratet og Miljøverndepartementet. Det er forventet at endelig godkjent konsekvensutredning vil foreligge sommeren 1996.

Parallelt med behandlingen av konsekvensutredningen, behandler de tre kommunene kommunedelplanforslag for de aktuelle utbyggingsalternativene. Prosjektet er et aktuelt prosjekt i Norsk veg- og vegtrafikkplan for

perioden 1998-2007.

Det arbeides nå med en finansieringsplan for prosjektet. Aktuell finansiering, vil være en kombinasjon av ordinære statlige bevilgninger, kommunale og private tilskudd og bompenger. Byggestart for prosjektet vil kunne skje i 1999, hvis en finansieringsplan er avklart.

Utbyggingsalternativer

Det er vurdert ulike løsninger for de tre delprosjektene i T-forbindelsen. For begge fjordkryssingene er både bru- og tunnelalternativer mulige løsninger.

Delprosjekt 1, kryssing av Karmsundet
De mest aktuelle alternativene er kort tunnel og et nordre brualternativ. Den korte tunnelen er 4 km lang og har en prosjektkostnad på 213 mill. 1995-kr. Brualternativet innebærer ei 1020m lang hengebru med hovedspenn på 540m og har en prosjektkostnad på 287 mill. 1995-kr.

Delprosjekt 2, kryssing av Føresfjorden
Aktuelle alternativer er en 3.9 km. lang tunnel med prosjektkostnad på 224 mill. 1995-kr. og ei 970m lang fritt fram bygd betongbru med hovedspenn på 285m og en prosjektkostnad på 241 mill. 1995-kr.

Delprosjekt 3, Fosen-Raglamy
Alternativene spenner fra utbedring lang eksisterende veg til ny veg øst eller vest for dagens fylkesveg 831. De mest aktuelle alternativene har en prosjektkostnad på mellom 71 og 76 mill. 1995-kr. På denne strekningen er det lagt opp til at den gamle vegen benyttes som lokal- og gang-/sykkelveg etter at ny veg er etablert.

Foreløpig anbefaling

Med det ovenfornevnte som bakgrunn, anbefaler Vegsjefen at kort tunnel velges ved kryssing av Karmsundet. Tunnel er betydelig rimeligere enn bru. Et brualternativ vil også medføre konflikter i forhold til videre utbygging på industriområdet hos Hydro Aluminium. For kryssing av Førdesfjorden, vil Vegsjefen avvente høringsrunden, før en endelig anbefaling blir gitt.

Tunnel er her noe rimeligere enn bru. Imidlertid er ikke kostnadsforskjellen større enn at det vil være mulig å forsvare den med bakgrunn i at et brualternativ er en bedre løsning med hensyn på transportstandard, transport-økonomi og drifts-/vedlikeholdskostnader. Forholdet til et mulig framtidig industri-område på Gismarvik er imidlertid et forhold som vil måtte vektlegges ved endelig anbefaling av alternativ for kryssing av Førdesfjorden. Endelig krav til seilingshøyde på ei bru, vil være knyttet til trafikk til et slikt mulig framtidig industriområde. Hvis endelig krav til seilingshøyde blir mer enn 40m, er brualternativet lite aktuelt. Det presiseres imidlertid at en seilingshøyde på 40m muliggjør de fleste typer trafikk med unntak av svært store fartøyer og plattformer. Også for forbindelsen mellom Fosen og Raglamy/Rv11 vil Vegsjefen avvente høringsrunden før en endelig anbefaling blir gitt. De vestligste alternativene vurderes imidlertid som lite aktuelle, ettersom de representerer betydelige konflikter i forhold til landskap, friluftsliv og natur- og kulturmiljø.

Konsekvenser for natur, samfunn og miljø

Konsekvensutredningen viser god måloppnåelse i forhold til de målsettingene som er satt opp for prosjektet.

Ingen av de mest aktuelle alternativene berører vernede lokalteter, verken av naturmiljø, kulturminner eller kulturmiljø. For forbindelsen mellom Fosen og Raglamy, vil vestlige alternativer berøre natur- og friluftsområder mens østlige alternativer berører landbruk.


Konsekvensene av T-forbindelsen kan kort oppsummeres slik:

- Vestre del av regionen vil få en bedre tilknytning mot Kyststamvegen, Rv1.
- Karmsundet fiskerihavn og industriområdet på Husøy vil få en bedre tilknytning mot Kyststamvegen.
- Østre del av regionen vil få en bedre tilknytning mot flyplass, fiskerihavn og industriområdene på Husøy og Håvik.
- T-forbindelsen vil bidra til et forbedret internt transportsystem i regionen.
- Redusert kjøreavstand Kopervik - Kårstø/ Arsvågen med 25 km.
- Redusert kjøreavstand Haugesund - Kårstø/ Arsvågen med 8 km.
- Redusert transportarbeid og dermed reduserte transportkostnader. Spesielt viktig for næringstrafikken.
- Reduserte utslipp av klimagasser (CO₂, CO og NO_x).
- Færre støyutsatte boliger og støyplagede personer.
- Færre trafikkulykker. En reduksjon på 6 ulykker pr. år. Dette skyldes i hovedsak en avlastning av Rv 47 nord på Karmøy.
- Prosjektet er samfunnsøkonomisk lønnsomt. Nytte/kostnad = 1.3. Det vil si en reduksjon i transport- og ulykkeskostnader ved gjennomføring av prosjektet som er større enn investeringskostnaden.
- Kortere reiseavstander muliggjør et utvidet arbeidsmarked. Dette har positiv betydning for sysselsetting og bosetting i regionen.
- Prosjektet går gjennom et landskap som er vurdert til, på en forsvarlig måte, å kunne ta opp i seg et så omfattende prosjekt som T-forbindelsen.

PRODUKSJONSAVDELINGA:

Produksjonsområde **Haugesund**

Av **Tønnes Frøiland**




Tønnes Frøiland
Produksjonsleder



Karl Aksland
Fagarbeider



Lars Aksland
Formann



Ellef Apeland
Fararbeider



Tor Kåre Austrheim
Faggruppeleder



Helge Bakka
Oppsynsmann

Produksjonsområde Haugesund (POH) er et av de tre produksjonsområdene i Rogaland. Området er satt sammen av de to gamle vegmesterområder Haugesund og Sand og anleggsområdet Haugesund. POH dekker kommunene Karmøy, Haugesund, Tysvær, Bokn, Utsira, Vindafjord, Sauda og Suldal.

Produksjonsområde Haugesund har ansvar for driftsproduksjon på 434 km riksveg, 509 km fylkesveg og 75 km gang- og sykkelveg for Trafikkavdelinga.




Asbjørn Bakkevig
Formann



Per Bastlid
Spesialarbeider



Bjørn Brekke
Fagarbeider



Lars Øyvind Brekke
Formann



Samsom Børve
Fagarbeider



Bjørn Bårdsen
Formann



Gerd Marie Eide
Reinholdsbetjent



Kjell Alf Eikeskog
Fagarbeider



Helge Espeland
Fagarbeider



Nils Fisketjønn
Fagarbeider



Torhild Fure
Reinholdsbetjent



Helge Forland
Fagarbeider



Svein Gjuvsland
Sjåfør



Nils Roar Holgersen
Faggruppeleder




Synøve Hopland
Reinholdsbetjent



Inge Olav Jensen
Fagarbeider



Halvard Jordebrek
Spesialarbeider



Olav Bernar Kallevig
Formann




Randi Knutsen
Første-kontorfullmektig



Torleiv Kolbeinsen
Formann



Nils Krokedal
Fagarbeider



Svein Reidar Lilleskog
Fagarbeider



Arne Emil Lindanger
Sjåfør



John M. Mathiassen
Fagarbeider

På oppdrag fra Utbyggingsavdelinga har POH ansvar for bygging av mindre anlegg, utbedringer m.v.

For tiden arbeider vi med følgende anlegg, i tillegg til driftsproduksjon:

- Rv 11 Toplankryss i Våg i Tysvær kommune
- Rv 47 Bussterminal og kryssomlegging Norheim i Karmøy kommune
- Fv 684 Forsterkningsarbeid Habn - Erøy i Suldal kommune

For 1996 er årsbudsjettet for POH på ca 68 millioner kr som fordeler seg med godt 30 mill. kr på driftsproduksjon og ca 38 mill. kr på investering i anleggsproduksjon.

Bemanninga i området er i overkant av 60 personer.



Rune Nerheim
Fagarbeider



Kjell Nesheim
Formann




Terje Nesheim
Fagarbeider




Wenche Nesse
Sekretær



Lars Harald Nordnes
Oppsynsmann



Tor Norheim
Fagarbeider



Åsmund Roaldkvam
Fagarbeider



Jan Ivar Rossebo
Sjåfør



Magne Rullestad
Oppsynsmann




Steinar Rullestad
Fagarbeider



Sissel Samsøe
Fagarbeider




Ivar Seime
Fagarbeider




Fridtjof Simonsen
Fagarbeider



Lars S. Simonsen
Formann



Edvin Skjølingstad
Formann



Ingard Skjølingstad
Formann



Leif Sponevik
Fagarbeider



Geir Strand
Formann




Heidi Anita Stueland
Kontorfullmektig




Johannes Stølsvik
Fagarbeider



Magne Thorsen
Sjåfør



Ole Thorsen
Formann




Jørgen Tveit
Fagarbeider



Oddvar Tveit
Formann



Olav Tørresdal
Fagarbeider



Peder Tørresdal
Fagarbeider



Helge Valskår
Sjåfør



Paul Torin Våge
Fagarbeider



Sigmund Vårvik
Formann



Rosalyn Waaga
Sekretær



Johan Wold
Sjåfør

Omfattande anlegg i Tysvær:

Toplankryss mellom stamveggar

Arbeidet med bygging av toplankryss på Rv 1/Rv 11 i Våg, Tysvær kommune, er godt i gang. Arbeidet vil kosta nesten 20 millionar kroner. Anlegget skal opnast for trafikk i oktober i år.

Tekst og foto: Harald Sel

Det gamle vegkrysset mellom Rv 1 og Rv 11 er svært dårleg utforma og trafikkfarleg. Det er store stigningar både på Rv 11 og på avkjøringa til Rv 1. Anlegget omfattar ikkje berre sjølve toplankrysset. 1,8 km. av nåverande riksveg, som er svingete og bratt, blir ombygd til normal stamveg-standard. Det skal også byggjast over 1 km sideveggar/gang- og sykkelveggar, ei bru over jordbruksveg, ei bru over kommunal veg og ein kulvert under riksvegen. Arbeidet blir delvis utført som entreprise og i eigenregi.



Også ved dette anlegget brukar Statens vegvesen naturstein til murar langs vegen.



Arbeidsforholda er ikkje alltid like enkle. Ivar Seime er utrusta som han skulle vera laksefiskar, under arbeid i ei av grøftene.



Steinar Rullestad (t.v.) og Lars Sigmund Simonsen på anleggsområdet opp mot krysset med Rv 1.

Lysefjordbrua

Tekst og foto: Harald Sel

Arbeidet med Lysefjordbrua går etter planen. For tida er ein i gang med støyping av bæretårnet for midtspennet på sørsida av fjorden. Tårnbeinet, som blir 107 meter høgt, er nå støypert til ca 15 meters høgde.

Arbeidet med bæretårnet på sørsida skal vera ferdig 1. september.

Deretter startar tilsvarende arbeid på nordsida. Paralelt med støyping av bæretårn, er det også arbeid i gang med å byggja søylene under viadukten på sørsida.

På nordsida er det starta arbeid med sprenging for støttemurar. Etter planen skal Lysefjordbrua opnast for trafikk våren 1998.



Vegvesenet sine folk, som for tida har sitt daglege arbeid ved anleggskontoret på Forsand. Dei står framfor bæretårnet, som er under bygging og som skal bli 107 meter høgt. Frå venstre: Fullmektig på kontoret Inger Fossan Dahle, kontrollingeniør Kristin Eikemo, byggeleiar for betongarbeida Solveig Yndesdal, prosjektleiar Gunnar Nærum. Byggeleiar for stålarbeida Mikael Krentz, er for tida ved Bruavdelinga i Vegdirektoratet, der han arbeider med førebuingane og tilrettelegging til stålarbeidet på brua.

Fem av dei som ser fram til å flytta, frå trange og upraktiske lokale i Årstadalen, til nybygget på Slettebø. Bak står dei fire veteranane ved Biltilsynet i Egersund, Greta Helvig, Georg Eie, Ola Undheim og distriktsleder Leif Ødegård. Framme sit ei av dei som kom til Egersund trafikkstasjon etter omorganiseringa 1. juli, Lise Nærem.



Dei ventar

på ny trafikkstasjon

Tekst og foto: Harald Sel

I løpet av april flyttar 14 av dei 17 tilsette ved Egersund trafikkdistrikt inn i nybygget på Slettebø. Dei tre andre er fast stasjonert ved Nærbo veg- og trafikkstasjon.

Dei som har hatt arbeidet sitt ved Biltilsynet/Egersund trafikkdistrikt har i fleire år venta på meir funksjonelle og tidsmessige

lokale. Etter kvart som arbeidsmengda auka ved Biltilsynet i Egersund, har forholda i Årstadalen blitt nokså kummerlege. Innflyttinga i nye lokale på Slettebø må reknast som ein milepel, både for Trafikkavdelinga og for Statens vegvesen i sør-fylket. Frå april er det ikkje lenger ein trafikkstasjon og ein vegstasjon. Nå blir dei tilsette ved både produksjonsavdelinga og trafikkavdelinga geografisk samla på Slettebø, ved Egersund veg- og trafikkstasjon.

Frisk, oppegående

og tenestetilbodet skal utvidast

Gjeremåla ved Tau- veg og trafikkstasjon er stort sett uendra i DnV. Representert av produksjon bru og kaivedlikehald, produksjon trafikalt vedlikehald og trafikk forvaltingsdelen, er det nok av spennande oppgåver i eit samansett fagleg miljø.

Utviding av arbeidsoppdraga frå 1. januar 1998, i samband med innføringa av EU-kontroll for personbilar, vil vera med på å styrka det faglege fellesskapet og gje eit breiare tilbod til publikum.



Personalet, som heilt eller delvis har kontor ved Tau veg- og trafikkstasjon. Frå v.: Tor Nordbø, Kari Farbrøt Bjørlo, John Seljevoll og Jostein Wagle. I tillegg brukar også Kåre Høiland ein del av arbeidstida si ved stasjonen.

Tekst og foto: Harald Sel

For tida klarar ikkje Statens vegvesen å innfri lovnaden om ordinær opningstid på Tau frå måndag til fredag.

Når det ofte berre er ein oppsynsmann på kontoret, og preserande oppgåver ventar ute på vegen, hender det til og med at ein må låsa døra.

Men trafikksjef Svein Magne Olsen har nyleg, i eit brev til Strand kommune, lova at stasjonen skal ha ordinær opningstid frå måndag til fredag og at tenestetilbodet til og med skal bli utvida.

Erfaringar med DnV

Personalet på Tau veg- og trafikkstasjon meiner at DnV krev meir dokumentasjon og ei tettare oppfylgging av drift og økonomi. Det skal leggjast fram ein produksjonsverdi kvar månad. Dette fører med seg ei omfattande manuell oppfylgging, på grunn av at rekneskapsystemet ikkje kan skaffa dette fram raskt nok.

Auken i papirarbeidet føler dei går på bekostning av oppgåvene dei skal ivareta ute på vegen. Men trass i dette og ein del andre problem, dei tilsette på Tau veg- og trafikkstasjon ser store utfordringar, og dei har ei positiv haldning til Det nye Vegvesenet.

Arbeid og ansvarsområde

Me gir her ein oversikt over oppgåver/ansvarsområde for dei fem som har kontorplass ved Tau veg- og trafikkstasjon.

Jostein Wagle

faggruppeleiar,

Bru- og kaivedlikehald i heile fylket

Jostein er den einaste som er fast stasjonert på Tau. Arbeidsoppgåvene er lite endra, etter som oppgåva framleis er å sørge for at det blir utført nødvendig vedlikehald på bruer og kaiar. Endringa ligg i første rekke i at faggruppa nå må forhalda seg til produksjonsavtaler som blir inngått med Utbyggingsavdelinga. Her vil ein måtte dokumentera arbeid i forhold til tid, kvalitet og økonomi

John Seljevoll

oppsynsmann Produksjonsavdelinga

John har stasjon på Tau frå tirsdag til og med fredag. Kvar månad arbeider han ved vegstasjonen på Bærheim, i samband med orienteringsmøte.

Stort sett har han dei same oppgåvene som tidlegare. Det vil seia trafikalt vedlikehald og oppfylgging av utbetningsanlegga i området - Forsand, Strand, Hjelmeland og Finnøy.

Tor Nordbø

oppsynsmann Trafikkavdelinga

Tor har kontordag på Tau måndag, onsdag og fredag. Tirsdag og torsdag er han på Stavanger trafikkstasjon.

Han har for ein stor del andre oppgåver enn dei han hadde som vegmeister på Tau. Nå arbeider han med forvaltingsoppgåver som avkjørselssøknader og dispensasjonar av ulike slag for heile Stavanger trafikkdistrikt.

Kåre Høiland

oppsynsmann Veg- og trafikkseksjonen

Kåre arbeider med planlegging, tilrettelegging og oppfylgging av mindre anlegg i heile fylket.

Han er delvis stasjonert på Tau, men har ingen faste kontordagar ved stasjonen.

Kari Farbrøt Bjørlo

sekretær

Kari deler arbeidstida si med 50 prosent på Tau og 50 prosent ved Vegkontoret. Arbeidet hennar er nokså ulikt det ho hadde då Tau vegstasjon var i full drift. Mange av desse oppgåvene er nå overført til Vegkontoret og Bærheim vegstasjon. Dei dagane ho er på Tau tar ho seg av ekspedisjonen og telefonen og utfører i tillegg arbeid for både Produksjonsavdelinga og Trafikkavdelinga.



Statens vegvesen
Rogaland

PRESENTASJON AV

UTBYGGINGS- AVDELINGEN

**Utbyggingsavdelingen
har ansvar for å
planlegge og bygge ut
nye vegprosjekter.**

Hovedoppgavene våre er:

**PLANLEGGING
GRUNNERVERV
ANBUD
KONTRAKTER
BYGGELEDELSE**



Lidvard Skorpa
Utbyggingssjef



Øivind Kommedal
Seksj.l. Ust/Uac



Kari Bjørheim
Ust




Randi D. Dyrseth
Ust



Mona Vareberg
Ust



Unni Evang
Ust



Tor Sandnes
Ust



Bjørn Chr. Grassdal
Ust



Kjell Utvaag
Ust



Leif Lindefjeld
Seksjonsleder Ug



Bjørn Alsaker
Ug



Thore Eilertsen
Ug



Terje Børshiem
Ug



Arne Hovelsrud
Ug




Ernst Owe Strøm
Seksjonsleder Uk




Harald Erland
Uk




Hilmar Selseng
Uk



Johs. Thomsen
Uk



Magne Langeteig
Uk



Jens O. Aanderaa
Seksjonsleder UI




Magne Iversen
UI



Karsten Rennæs
UI



Rolf A. Mygland
UI



Gudmund Gausel
UI



Harald Paulsen
UI



Arild Haave
UI



Terje Hodne Nilsen
UI



Magne Bjelland
UI




John Schreuder
UI



Odd R. Fuglestad
UI



Harald Nordaas
UI



Hans Severinsen
UI



Per Skadberg
Seksjonsleder Ue




Magnhild Ødegård
Ue



Bård Atle Olsen
Ue



Inger S. Eriksen
Ue



Kristian Nybø
Ue



Kjell Todnem
Ue



Arvid Kåre Seldal
Ue



Leif Lauvås
Ue



Amund Nilsen
Ue



Kolbjørn Grødem
Ue



Nils Heskestad
Ue



Oddvar Bjønnum
Ue



Helene Taugbøl
Ue



Bjørn Egil Goa
Ue



Sigurd Sæland
Seksjonsleder Ue



Martin Aske
Us



Sveinung Espedal
Us



Kari Smådal Turøy
Us



Nidunn S. Eiterjord
Us



Tor Abelvik
Us



Per Eikemo
Us



Svein H. Storli
Us



Øistein Hansen
Us



Tom Koll Frafjord
Us



Rune Gunnerød
Us



Synnøve Helland
Seksjonsleder Ud



Harald Lødemel
Ud



Narve Steine
Ud



Tor-Oscar Walskaar
Ud



Kjell Husebø
Ud



Alf Skaar
Ud



Gunnar Nærum
Prosjektleder Uaa



Solveig Yndesdal
Uaa



Mikael Krenz
Uaa



Kristin Eikemo
Uaa



Inger Fossan Dahle
Uaa




Gunnar Eiterjord
Prosjektleder Uab



Arne Kallelid
Uab



Håvard Østlid
Prosjektleder Uad



Utbyggingsavdelingen har ansvaret for vegvesenets plan- og byggherrerolle.

Ansvaret omfatter hele byggeprosessen:

Konsekvensutredning av vegprosjekter, reguleringsplan, byggeplan, grunnnerv, tildeling av byggeoppdrag, bygging og sluttrapport.

Utbyggingsavdelingen er ansvarlig for å bygge ut vegnettet slik at økonomiske, miljømessige, estetiske, trafikksikkerhetsmessige og andre samfunnsmessige hensyn blir ivaretatt.

Avdelingen er ansvarlig for at det oppnås riktig kvalitet til lavest mulig pris. Den delen av utbyggingsavdelingen som er gjenstand for konkurranse, skal være konkurransedyktig.

Konkurransedyktighet skal kunne dokumenteres.

Utbyggingsavdelingen har hovedansvaret for at Statens vegvesen er en profesjonell byggherre.

Målsettingen er at vi skal være landets beste byggherre innen anleggsbransjen. Avdelingen er ansvarlig for etatens spisskompetanse i entreprisepørsmål, og den skal bistå de andre avdelingene i rollen som byggherre.

Utbyggingsavdelingen har hovedansvaret for etatens kompetanse innen bru- og ferjekaiplanlegging, bygging og vedlikehold. Utbyggingsavdelingen har ansvaret for å holde etatens vegteknologiske kompetanse på et høyt nivå.



Statens vegvesen
Rogaland

Lagårdsveien 80
Postboks 197, 4001 Stavanger
Telefon: 51 50 13 00
Telefax: 51 53 68 29

Ny maskin- investering

Produksjonsavdelingen har fått en kraftig fornyelse av maskinparken. Takket være tidligere oppsparte midler, har vi nå kunne ta en god del av mange års etterslep og er kommet rimelig ajour.

Av Johannes Bø

Siste levering er en Volvo FL-12 trekkvogn, som i hovedsak skal brukes til intern maskin og varetransport. Bilen har en nyutviklet 420 HK dieselmotor med turbo og intercooler, hvor lavere drivstofforbruk og renere eksosutslipp er noen av forbedringene. Motoren oppfyller alle utslippskravene i henhold til Euro 2. (Miljøkrav som vil bli gjort gjeldene fra 1. oktober i år.) Bilen har dessuten fått montert en kraftig krane på hele 33 tonn/meter. Dette medfører at vi nå selv er i stand til å ta så godt som alle maskintransporter/forflyttinger i egen regi.

Vi har også kjøpt en Dumper-semitrailer på hele 18 kubikkmeter lastekapasitet for spesialtransport av masse, til denne bilen. Dette for å utnytte bilen maksimalt og gjøre den konkurransedyktig i markedet.

Derfor til alle i utedriften:

For alle typer maskintransporter, større kranarbeid og større massetransporter, - fornyet og forbedret utstyr er på plass!

Ta kontakt med Terje Aardal på Bærheim vegstasjon ved behov.

Kranen på hele 33 meter rager godt opp mot himmelen på den nye Volvo trekkvogna. I framgrunnen ser vi den nye Dumper-semitraileren med 18 kbm lastekapasitet.



Formann og reparatør på verkstaden i Egersund:

Over 40 år i same arbeid

1. september 1954 begynte Hans Svanes som reparatør på verkstaden ved Egersund vegstasjon. Og reparerer gjer han ennå - maskinar og bilar, sjøl om han sidan 1972 også har vore formann på verkstaden.

- Eg likar så godt å arbeida med maskinar, seier han.

- Det er ein veldig fin følelse, når ein får dei til å gå som dei skal. Sjøl om det blir ein del rutinearbeid, så er det så mange gilde og utfordrande oppgåver ved verkstaden i Egersund.



Tekst og foto: Harald Sel

Hans understreker også det gode arbeidsmiljøet.

- Interessant arbeid og gode samarbeidsforhold, - det er avgjerande for trivselen på ein arbeidsplass.

Og på verkstaden her i Egersund har det vore eit godt miljø. Sjølsagt har ikkje alle alltid vore enige med alle. Men om me har vore uenige, så har det aldri blitt krangel og sjau av det, seier Hans.

Erfaring og utdanning

Hans Svanes var berre 21 år, då han begynte i Statens vegvesen. Men trass i sin unge alder, hadde han alt arbeid innan fleire ulike yrke og han var ferdig med eit års militærtjeneste.

Innimellom ulik yrkeserfaring, - som fiskar, dreng på gard, arbeid på møbel-fabrikk og som sjømann, hadde han også tatt yrkesutdanning.

Han hadde eksamen frå Renbergs Handelsskole i Egersund, eksamen frå 1-årig maskinlinje ved Risøy ungdomsskole for sjømenn og eksamen frå 1-årig maskinlinje ved Sauda tekniske skule.

Sjømann

Som 18-åring reiste Hans til sjøs.

- Eg seilte i berre eit år. I ca tre månader av denne tida låg me i Rotterdam, for å reparera båten, etter at me fekk problem med motoren. Eg blei godt kjent i Rotterdam, men fekk også oppleva mykje interessant elles gjennom dei månadane eg var ute, seier han, og nemner særleg seiling gjennom Suezkanalen og elvseiling i Sør-Amerika.

- Ein gong skulle me seila opp ei elv i Wenezuela, for å henta olje. Der kom indianarane med bananar og ville bytta med varer me hadde med oss. Lux såpe og sigarettar var populært. Då me skulle snu båten, kan du tru det var liv. Dei brølte fælt for å få det til, med baugen av båten langt opp i trea.

Nesten alt var forskjellig

Alfred Lillehammer var sjef på vegstasjonen då Hans tok til på verkstaden i 1954. I tillegg var det sju tilsette:

Tom Høiland (reparatør), Emil Ripland (sveisar), Ludvig Nødland (smed og sveisar), Odd Mong (reparatør), Martin Fuglestad (snekkar, som mellom anna laga trillebårer og vagnar), Bjarne

Mydland (kontoret) og August Skåra (lager- og hjelpemann). Nesten alt var forskjellig frå i dag, fortel Hans.

- Det var ikkje rare greiene me hadde, skal eg seia deg, verken av maskinar eller bilar. Den beste bilen var nok den Knut Karlsen i Sokndal brukte. Dessutan hadde me ein forholdsvis stor Hanomag lastebil og ein Ford lastebil. Begge desse var gamle krigsbilar. I tillegg hadde me ein gammal lastebil stasjonert på Helleland.

Av maskinar hadde me nesten ingenting, bortsett frå eit par gamle kompressorar. På anlegget i Runaskardet (E 18) først i 50-åra, brukte dei f.eks. handboremaskin, trillebårer og vagnar. Traktorar og slikt kom utetter i 1950-åra.

Stor anleggsdrift - mange oppgåver

Etter kvart auka anleggsarbeidet mykje i sør-fylket, ikkje minst i åra etter 1972, då Hans Svanes blei formann på verkstaden. Særleg om vintrane, var mange arbeidarar tatt inn på sysselsettingstiltak. Det blei skrekkeleg travelt, seier han.

- Om vintrane, når det var topp drift på E18 og det var ekstraordinær sysselset-

ting, kunne arbeidsstyrken på Helleland vera opptil 70 arbeidrar. Og i Egersund-området, under utbygginga av Rv 44, kunne arbeidsstyrken på Slettebø vera ca 40. Etter kvart kom det mange nye maskinar og bilar, nye kompressorar kom i haugevis og me fekk eit stort mobilt knuseverk. Dette, og den store anleggsdrifta, førte til at reparasjons- og vedlikehaldsoppgåvene var mange og store. Av og til måtte me frå Egersund også ut og vera reparatørar for anlegg på Jæren, - heilt til Klepp.

Personleg kontakt og telefonkontakt

Reising rundt på anlegga og elles blei det mindre av, etter at Hans overtok som verkstadformann. Det har han sakna, seier han.

- Eg traff så mange interessante folk, når eg var ute. Nå held eg meg mest på stasjonen, og kontakt med folk utanfrå har eg mest over telefon. Av og til blir eg forskrekka, når eg møter nokon som eg berre har «kjent» over telefon. Dei ser heilt annleis ut enn dei har gjort i det «telefon-biletet» og har hatt.

Bort frå det sjøl-laga

- Du seier at nesten alt er forskjellig i dag, samanlikna med kva det var for vel 40 år sidan. På kva måte er endringa størst?

- Ja .., sei det -. Hans tenkjer seg vel om.
- Ei stor endring er det iallfall at me ikkje klarte å skaffa ting så fort tidlegare og dermed måtte vera meir sjølhjelpete. Etter kvart har alt blitt så mykje meir oppjaga, alt skal skje så raskt. Før laga me ofte ting og delar sjøl. Me dreide ting av stål, f.eks. foringar og pakningar. Nå blir nesten alt kjøpt; me har ikkje tid til å laga ting sjøl. Berre ein sjeldan gong kan det bli litt dreining av boltar og andre småting.


Utfordringar i dataalderen

- Men kva med utviklinga til større og meir avanserte maskinar og bilar, og - ikkje minst - overgangen til elektronikk og data. Har ikkje det vore vanskeleg for ein reparatør av den gamle skulen?

Hans svarar at det har gått rimeleg godt å møte dataalderen sine utfordringar.

- Eg har gått på ein del kurs, og lært. Mellom anna har eg gjennomgått eit kurs hos Volvo i Eskilstuna. Så eg vil seia at det stort sett har gått greit å halda seg oppdatert. Å halda meg oppdatert, har eg elles vore nøydd til, dersom eg skulle kunna utføra jobben min, seier verkstad-veteranen frå Svanes i Eigersund.

Bjelkebrua på Rv 1 ved Harestad, som viser utsjånaden på denne typen bru, utan kantelement.



Det nye kantelementet blei første gang brukt på Røysund bru.

Forslagspremie til Terje Børsheim og Hilmar Selseng



Vegsjefen overrekker premien på kr 7000,- til Hilmar Selseng (t.v.) og Terje Børsheim.

Foto Harald Sel

Enklare forskaling og finare bru

Harald Sel

Landskapsarkitekt Terje Børsheim og overingeniør Hilmar Selseng har fått kr 7.000 i premie frå den lokale forslagsnemnda, for utvikling av eit kantelement på bjelkebruer. Målsettinga var å forbetra bjelkebrue sine estetikk og i tillegg forenkla og letta forskalingsarbeidet. Kantelementa blei utvikla- og brukt i samband med bygging av Røysund bru i fjor. Resultatet var godt, både når det gjeld estetikk og forenkling av forskalingsarbeidet. Forslaget er sendt vidare til det sentrale utvalet for vidare behandling.



Det er smale og kronglete fylkesvegar som nå blir opprusta og forsterka i Erfjord.

OPPRUSTING av fylkesveg i Erfjord

Tekst og foto: Harald Sel

For tida er arbeid i gang med opprusting av fylkesveg 684 Vik - Tednes og fylkesveg 685 Erøy - Bogsund i Erfjord. Til saman gjeld dette ei vegstrekning på 8 km, der det blir full opprustning av 4,1 km og nytt asfaltdekke på resten. Statens vegvesen har 4,6 millionar kr til disposisjon for arbeidet. 2,5 mill. kr er løyving frå Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune har gitt eit tilskot på 2,1 mill. kr.

Ledd i Erfjord - Landsnes

Tilskotet frå Suldal kommune skal brukast til utviding av den eksisterande vegen på 2,7 km mellom Vik og Hamn. Denne opprustninga bli sett på som eit ledd i ein framtidig sambandsveg mellom Erfjord og Landsnes (Jelsa). Vik - Hamn-anlegget er sett ut på anbod til Brødrene Gjermeland A/S, Hjelmeland. Brødrene Gjermeland utfører også ein del av arbeidet elles på anlegget, og ein del utfører Statens vegvesen i eigenregi.



Paul Torin Våge i arbeid med «finarbeid» under legging av nye stikkrennerøyr.

Knapt med pengar

Byggeleiar for anlegget, Kåre Høiland, seier at den disponible summen på 4,6 mill kr er knapp, for å få utført alt det utbetnings- og forsterkingsarbeidet ein burde ha gjort. Men kronene blir nytta som best ein kan. Og stor forbetring i forhold til den smale og kronglete gamlevegen, vil det i alle tilfelle bli. Arbeidet skal vera ferdig til 1. april.


Kryssord nr. 1/96

VANNRETT

1. To like
3. Fugl
9. Slektning
11. Sporte
12. Lov av 01.01.96
14. Greenwich middeitime
15. Kjærlig
17. Anlegg
21. Tror
22. Avløp
23. På kjøretøy
24. Norsk billedhugger
25. Åpning
27. «Lyttekanal»
28. Fattig
29. Vend
30. Mesterskap
32. Plagget
33. Begynne
36. Skli
37. Rolig
38. Hunnhunder
41. Blomsterstander
42. Fersk
43. Ujevn

LODDRETT

1. Sinnsstemning
2. Skulptur
3. Moro
4. Skrike
5. Dyr
6. Legge fram (nynorsk)
7. Vektenhet
8. Kjentmann
10. Skryt
13. Ledig
16. Tidsrom
17. Blir til garn
18. Nedbør
19. På kroppen
20. Svik
21. Distraherer
24. Vasse
26. Drømmer
31. Stor
34. Etter
35. Lokalt transportselskap
39. Neste
40. Hes



Løsningen på kryssord nr. 1/96 sendes til:

RYGJAVEGEN

Postboks 197, 4001 Stavanger

Innen 10. april 1996

Innsendt av:

Adresse:

.....



Rett løsning nr. 6/95

Et FLAX-lodd til de to første løsningene som trekkes ut.

Vinnere av kryssord nr. 6/95

Eli Undheim

Nærbø veg og trafikkstasjon

Anna Klungveit

5567 Skjoldastraumen

Norheim på Karmøy:

Omlegging av kryss og ny bussterminal



I slutten av januar, då dette biletet blei tatt, såg det nokså kaotisk ut på Norheim. Men i november skal alt vera ferdig og fint, både rundkjøringar, bussterminal og nye vegar.

På Norheim i Karmøy kommune er Statens vegvesen i arbeid med eit omfattande ombyggingsprosjekt i tilknytning til riksveg 47. Kostnadane vil bli ca 13,5 millionar kr, og anlegget skal vera ferdig i november i år.

Tekst og foto: Harald Sel


Prosjektet på Norheim omfattar ombygging av krysset mellom Karmsundgata (Rv 47) og Norheimsvegen (Fv 875) frå signalregulert kryss til rundkjøring. Vidare skal krysset mellom Norheimsvegen og Vormedalsvegen (Fv 835) byggjast om til rundkjøring. Dessutan skal det mellom anna byggjast ny bussterminal, veg mellom dei to kryssa, gangveg og ein ny undergang.

Bakgrunn for prosjektet er delvis den pågåande utvidinga av forretningscenteret og delvis tilrettelegging for framtidig utbygging av areala på Norheim.

Prosjektet på Norheim blir finansiert av Karmøy kommune og Statens vegvesen, gjennom ein avtale om bidrag og forskottering, der kvar av partane betaler ca halvparten kvar.



Fire av vegvesenet sine folk på anlegget. Frå v.: Olav Torresdal, Olav B. Kallevig, Bjørn Brekke og Hans Severinsen.



Endre Kulleseid, ny hovudtillitsvald i NAF:

- Anlegg må vera «GRUNNSTEINEN» og administrasjonen må slankast

Den nye hovudtillitsvalde for Norsk Arbeidsmannsforbund (NAF) i Statens vegvesen Rogaland har vel 10 år bak seg i etaten. Endre Kulleseid begynte på motorveg-anlegget i 1985. Før det hadde han arbeidd 10 år på Kvernelands Fabrikk, der han starta yrkeskarrieren som 16 åring. Seinare var han innom ein privat entreprenør og han arbeidde som formann på Asfaltsentralen, før han kom til Statens vegvesen.

Intervju: Harald Sel

Lang tillitsmannserfaring

I Vegvesenet kom han fort med i tillitsmannsapparatet. I Kjell A. Tronstad si leiartid, dei siste seks åra, har Endre vore med i hovudtillitsmannsapparatet som nestleiar og medlem av tilsettingsrådet. På fylkesplan har han vore med i styret, mellom anna som sekretær, i NAF Rogaland. I fjor blei han innvald i NAF sitt landsstyre.

Mange oppgaver

Den nye NAF-leiaren seier at det fins massevis av oppgaver å ta fatt på. Men to sider ved etaten si drift og verksemd, er han særleg opptatt av: Å halda ei jamn anleggsdrift og det bekymringsfulle ved at talet på tilsette ved Vegkontoret har auka sterkt, etter overgangen til Det nye Vegvesenet 1. juli i fjor.

Ta vare på anleggskompetansen

- Etter kvart som me blir ferdige med dei anlegga som er på gang, kan det bli ein periode med mindre aktivitet. Den nye ordninga med strekningsvis fordeling til stamvegnettet, på tvers av fylkesgrensene, kan føra til at dette blir ekstra merkbar. Bli aktiviteten liten i ein periode framover, vil me missa ein del av den kompetansen me har bygt opp. Då vil entreprenørane stå godt rusta til å ta over, når me på ny får store anlegg i

Rogaland, er Endre Kulleseid redd for. Han trur difor at vegarbeidarane i større grad må flytta på seg, på tvers av fylkesgrensene. Men han meiner det bør skje på frivillig basis.

- I alle tilfelle må me arbeida hardt for å halda oppe kompetansen på anleggsida. Vegbygging bør vera eit satsingsområde i Rogaland, så same måte som asfalt og tunnelar. Anlegg er grunnsteinen i Statens vegvesen, seier Endre.

Store administrasjonskostnader

NAF-leiaren er skuffa og betenkt over at talet på tilsette har auka ved Vegkontoret og i administrasjonen elles, etter omorganiseringa til Det nye Vegvesenet. Om dette seier han:

- Det blei sagt av leiarar både i Vegdirektoratet og ved Vegkontoret i Rogaland, at oppgaver på vegkontora skulle utdelegerast og at administrasjonen skulle slankast, då omorganiseringsprosessen starta opp. Vegdirektøren og lokale leiarar sa at nå skulle det byggjast meir veg for pengane. Men me ser at stadig meir går til administrasjon på bekostning av produksjonen. Eg er redd me er inne på ville vegar. Difor har eg store forhåpningar til evalueringsrapporten vedr. omorganiseringa, som skal koma etter eit år. Eg håpar den vil opna for justeringar.

Godt miljø

Endre Kulleseid seier at arbeidsmiljøet i Statens vegvesen Rogaland er godt, men etter dei mange endringane i samband med omorganiseringa, er det mykje å ta tak i: Nye gjengar, nye folk skal arbeida saman, nye sjefar, samansmelting av vedlikehalds- og anleggskultur.

Skal ikkje bli gissel

Den hovudtillitsvalde skal vera eit bindeledd mellom distrikstillitsvalde og leiinga. Dermed vil han vanka mykje på Vegkontoret og få stor kontakt med sjefane og administrasjonen. Men Endre er ikkje redd for at han skal bli ein del av «systemet».

- Der er alltid ein fare for at ein skal lulla seg inn i systemet. Men eg skal ikkje bli eit gissel inne på Vegkontoret. Det har eg sett nok av, og det er livsfarleg, seier han.

Kontakt med medlemmene

- Kjem du til å reisa mykje rundt i fylket, for å halda god kontakt med medlemmene?

- Eg vil reisa så mykje som det er tid til. Eg fekk grei beskjed om det då eg var på julemøta og på årsmøta rundt om i fylket. Men ein kan jo ikkje reisa meir enn det som er fornuftig og som det fins behov for, seier Endre Kulleseid.

Kjøretøykontroll i Sand

Frå januar har folk i Ryfylke kunna få utført den såkalla EU-kontrollen av varebilar, lastebilar, vogntog og bussar ved Sand veg- og trafikkstasjon. Førebels er stasjonen open kvar fredag for slike kontrollar, men blir det mange nok kundar, vil opningstida bli utvida.

Tekst og foto: Harald Sel

- Til denne tid har pågangen vore stor. For tida har me faktisk to vekers ventetid, så kanskje me må leggja inn ein ekstra dag for å få unna ventelista, seier Svein Fure, som er administrativ leiar for trafikkkontrollane og andre biltilsynsoppgåver på Sand.

Men Svein Fure er ikkje sikker på at den store pågangen fører til utvida opningstid med det første. Truleg har det opparbeidd seg eit visst etterslep, i den tida som gjekk før ein kom i gang med kontrollane.



Gaute Lunde (t.h.) har fått bilen sin kontrollert og gjennomgår merknadene med Øyvind J. Kvalvik og Ingolf Berge frå Statens vegvesen.

Øystein J. Kvalvik er ansvarleg for bilkontrollane ved Sand veg- og trafikkstasjon. I tillegg arbeider han med reparasjonar, vedlikehald og andre oppgåver på verkstaden.

I den første tida har Øystein hatt med seg den meir garva og velrøynde biltilsynsmannen frå Haugesund-stasjonen, Ingolf Berge. På sikt skal ein person til ved stasjonen på Sand opplærast til å utføra bilkontrollar.

- Dette er kjempegreier, seier Gaute Lunde, som var ein av kundane, då me besøkte kontrollhallen på Sand. Gaute Lunde seier at alternativet for han ville vore ein vilverkstad i Sauda, dersom ikkje Statens vegvesen hadde dette tilbudet på Sand. - Dette tilbudet er bra for distriktet. Så vidt eg veit er det ca 3000 motor- kjøretøy herre i Suldal, så Vegvesenet bør kunna få nok av arbeid, seier Gaute Lunde.

15 år med bedriftsandakt på vegkontoret

Tekst: Kjell Dalaker Foto: Eva Vivoll

Den 1. desember 1980 startet vi opp med bedriftsandakt på vegkontoret. Da holdt vi til i Hotel Atlantic. Den gang og fram til vi flyttet til Lagårdsvegen 80 hadde vi andakt hver mandag. Da vegkontorets forskjellige avdelinger ble samlet under ett tak på Lagårdsvegen startet vi opp med månedlige andakter. Disse avholdes første tirsdag i hver måned, fra kl 1030 til 1100 (untatt feriemånedene juli og august).

Plass til flere

Talene kommer fra forskjellige trossamfunn. På samlingene pleier det å møte 5 - 15 personer, men det er plass til flere. Skulle du ha interesse for tiltaket er du hjertelig velkommen. Etter at Fylkesmannen i Rogaland flyttet inn Statens Hus, kommer også folk fra denne etaten til andaktene.



Jubileum

Vår første samling i Lagårdsvegen 80, den 2. oktober 1986, ble markert ved at biskop Bjørn Bue holdt andakten. Den 28. november 1995 markerte vi 15-årsjubileet med en tilstelning i auditoriet. Vi hadde også ved denne anledning fått biskop Bjørn Bue som taler, men han måtte på kort varsel avlyse sin deltakelse på grunn av andre viktige gjøremål. I hans sted kom domprost Per Frick Høydal, som holdt en tankevekkende andakt. Målfrid Vestvik, akkompagnert av Ove Lie-Bjelland, bidro med vakker sang. 30 personer hadde funnet vegen til auditoriet. Etter arrangementet var en del personer samlet til bespisning hos vegsjefen.

Vi vil få rette en varm og inderlig takk til vegsjefen for hans positive holdning til tiltaket.

Målfrid Vestvik fremførte nydelig sang.



Pensjonistforeninga i sør-fylket:

Julemøte med vegsjefen

Tekst og foto: Harald Sel

Vegvesenets pensjonistforening for sør-fylket hadde i desember sitt tradisjonelle julemøte. Denne gongen samlast pensjonistane på Jæren Hotel, Bryne. Her blei det servert både god julemat og eit variert program. At vegsjef Chester Danielsen hadde avsett tid til å vera med på møtet,

sette møtelyden særleg stor pris på. Populært innslag var også ein film frå pensjonistsommar-turen 1995, der ein besøkte fleire av dei mest kjente og naturfagre stadane på Vestlandet. Leiar i pensjonistforeninga, Johan Lund, orienterte elles om aktuelle saker. Han kom særleg inn på ein del punkt, som gjeld pensjonistane, i regjeringa si

velferdsmelding. I denne meldinga blir det mellom anna lagt opp til høgare beskatning og høgare eigenandelar for pensjonistar. Som eit eksempel, nemnde Johan Lund, at pensjonistane kan koma til å måtta betala pensjonspremie på line med yrkesaktive.

Fremst frå v.: Mikal Rodvelt, Alf Moi, Arne Njå, Erling Årdal, Dagny Jakobsen. Bak frå v.: Bernt Svindland, Lilly Moi, Erling Dyrstad, Bergljot Njå, Johan Lund, Jens Motland, Sofie Skorve, Berit Rodvelt, Hulda Svindland (nesten skjult), Henry Nesvold, Hjørdis Torstensen (fremst), Ingrid Motland, Gerd Nesvold, Bernhard Ersdal, Bjørg Bilstad, Eyolf Andersen, Målfrid Crosby, Magny Skretting (nesten skjult), Erik Ødegård, Margaret Hole, vegsjef Chester Danielsen, Kristoffer Sivertsen, Agnes Eldholm, Audun Løken, Karin Løken.



Julegraut i Egersund

Som tradisjonen er ved Egersund vegstasjon, blei siste arbeidsdagen før jul avslutta med julegraut og speke-mat. Dette året blei det gjort ekstra stas på Sigvart Rinden, som fylte 50 år 22. desember.

Her ser me nokre av dei som var samla rundt grautgryta og fenalåret.
Frå v.: Ted Ove Slettebø, Peder Vinge, Jonny Røyland og Torbjørn Hellenen.

Foto: Harald Sel

Klokke for 25 års teneste

På Vegsjefens julekaffi fekk to medarbeidarar på Vegkontoret, Per Kydland og Lidvard Skorpa, overrekket klokke for 25 års teneste i etaten.

Vegsjefen sto for overrekkinga og han takka dei to for innsats og engasjement.

Per Kydland begynte som avdelingsingeniør på Anleggsavdelinga i 1970. Frå august 1987 til februar 1989 fungerte han som leiar av Vedlikehaldsavdelinga. Han er nå leiar for trafikkseksjonens stab.

Lidvard Skorpa begynte sin karriere i Vegdirektoratet i 1970 ved kontoret for generell planlegging. Frå 1975 til 1983 arbeidde han som overingeniør ved Statens vegvesen Nordland. Deretter kom han til Rogaland og overtok stillinga som plansjef. Seinare har han vore prosjektleiar for Høgsfjordbruene og anleggssjef. Ved omorganiseringa 1. juli 1995 overtok han stillinga som leiar for Utbyggingsavdelinga.



Lidvard Skorpa takkar Vegsjefen for 25-års gåva. Bak dei to står Per Kydland, som alt har mottatt si klokke. **Foto: Harald Sel**

Årets medarbeidar på Vegkontoret



Helge Hågensen:

Under Vegsjefens julekaffi på Vegkontoret blei Helge Hågensen utropt som *Årets medarbeidar 1995*.

Helge har nesten 20 åra teneste i Statens vegvesen.

Storparten av tida har han arbeidd ved ekspedisjonen i budtenesten.

«Eg kan vanskeleg tenkja meg nokon som er meir samvittighetsfull, ansvars- og kvalitetsbevisst.

Når Helge er her, veit me at posten går som han skal», sa Vegsjefen mellom anna, då han overrekte diplomten for *Årets medarbeidar 1995*.

*Ein glad og blid
Årets medarbeidar og
ein like blid vegsjef ved
seremonien under
julekaffien. Foto: Harald Sel*

Glade prisvinnere og kanskje en enda gladere vegsjef?
 Fra venstre: Nora Rygg, Odd Iversen, Harald Bådsvig, Rune Sandven og vegsjefen. Petter Sivertsen var ikke til stede under prisoverrekkelsen.



Arbeidsmiljøprisen

skal stimulere til økt innsats og engasjement, og deles ut hvert år til person eller gruppe som har vist spesiell interesse for sikkerhet, miljø og trivselsskapende arbeid.

Freddag 15. desember ble Arbeidsmiljøprisen 1995 delt ut for 4. gang. Og vinnere ble:

Ledergruppa ved Haugesund trafikkstasjon!

«Rune Sandven, Nora Rygg, Harald Bådsvig, Odd Iversen og Petter Sivertsen har maktet å skape en ledergruppe som fungerer


og som gir positive signaler videre i systemet. Dette har igjen betydning både for det indre og ytre liv ved trafikkstasjonen.» Omtrent slik ordla vegsjefen seg da han overrakte prisen til glade prisvinnere. Han sa videre at arbeidet som var utført i Haugesund hadde skapt anerkjennelse, og borger for suksess i Det nye Vegvesenet. Rygjavegen gratulerer med prisen!

Tekst og foto: Harald Sel

Likestillingsprisen 1995

til RYGJAVEGEN

Rygjavegen ved Harald Sel og Eva Vivoll ble tildelt den lokale Likestillingsprisen for 1995.



Vegsjef Chester Danielsen sammen med Eva Vivoll og Harald Sel, etter at de har fått tildelt Likestillingsprisen 1995.

Foto: Bård Asle Nordbø

Prisen ble utdelt før jul på Vegsjefens julekaffe for alle tilsatte ved vegkontoret. Det var to glade prisvinnere som mottok prisen og blomster.

Det lokale Likestillingsutvalget hadde innstilt til prisen, og vegkontorets ledelse var enig at Rygjavegens medarbeidere ærlig fortjente årets pris. Argumentasjonen for at Eva og Harald ble tildelt denne prisen er at de bevisst tilstreber at avisen inneholder stoff om likestilling. De blir oppfattet som svært positive medarbeidere som prioriterer stoff og intervjuer som fremmer likeverdet i Statens vegvesen Rogaland. Likestillingsutvalget er opptatt av at bedriftsavisen skal trekke fram at vi nå tilstreber å få tilsatt jenter i de mest mannsdominerte gruppene, og at jenter

som blir tilsatt gjør en god jobb. Det er også viktig å fokusere på jenter som tar etterutdanning og får muligheter til å endre sine arbeidsoppgaver. Likestillingsutvalget gratulerer med

årets pris og håper at Rygjavegen også i framtiden vil inneholde intervjuer og artikler som vil fremme likeverdet mellom jenter og gutter.

Reidun Lanne



Ingunn Tjåland
Vikariat som fullmektig ved
Administrasjonsavdelinga,
Personalseksjonen,
fra 27. november



Henrik Litlehamar
Engasjement som fagarbeider
ved Produksjonsavdelinga,
Tunnel.
fra 1. januar



Julie Bjugan
Vikariat som avdelingsingeniør
ved Trafikkavdelinga, Areal- og
transportplanseksjonen
fra 8. januar



Rune Gunnerød
Avdelingsingeniør ved
Utbyggingsavdelinga,
Storbyseksjonen,
fra 8. januar



Tove Dirdal
Engasjement som oppsynsmann
ved Egersund vegstasjon,
fra 1. februar



Harald Runar Hauge
Engasjement som konsulent ved
Administrasjonsavdelinga,
Økonomiseksjonen,
fra medio mars

Jubilantar

50 år

Svein Magne Olsen
Trafikkavdelinga - 1. april

Liv Torhild Rypestøl
Stavanger trafikkstasjon
- 1. april

Tor M. Thorkildsen
Produksjonsavdelinga,
tunnel og betong
- 10. april

60 år

Anfinn Midtsæter
Stavanger trafikkstasjon
- 29. februar

Mimmi Løftoft
Produksjonsavdelinga
Egersund - 18. mars

Per Østhus
Trafikkavdelinga - 30. mars

HELSE kontrollen

vibedriftssykepleier Marie Hellemo

Helsekontrollen er en av bedriftshelsepersonellens mange oppgaver som har til hensikt å avdekke og forebygge skader og helseskader som har sin årsak i arbeidsmiljøet. Bedriftshelsepersonellet har med andre ord sin funksjon på det området av helsen som arbeidsgiver er ansvarlig for - den delen av helsen som angår jobben.

Den individuelle kontakten mellom dere som arbeidstakere og oss som bedriftshelsepersonell dreier seg om langt mer enn en tilfeldig helsekontroll. Vi foretrekker derfor å bruke benevnelsen helsekontakt. Helsekontakten omfatter både en helse- og miljøvurdering hvor den enkelte arbeidstaker får anledning til å gi sin subjektive oppfatning av egen arbeidshelse og arbeidsmiljø. "Den som har skoen på kjenner om den trykker og hvor den trykker" - det er vår egen subjektive opplevelse som gir grunnlaget for vår trivsel.

Helsekontrollen består bl.a. av en yrkesanamnese med registrering av tidligere og nåværende eksponering av diverse miljøfaktorer som kjemiske stoffer, støy, støv, klima og psykiske forhold som f.eks. arbeidsbelastning, samarbeid og trivsel. Hvilke undersøkelser og eventuelle biologiske prøver (blod- og urinprøver) som skal tas vurderes i forhold til eksponering. Det blir derfor ikke aktuelt å kjøre igjennom et sett med prøver for alle ansatte. Prøver av mer allmenn interesse som f.eks. kolesterol har ikke noe med arbeidsmedisin å gjøre og vil av den grunn bli foretatt i liten grad.

Individuelle helsekontroller uten sammenheng til arbeidsmiljøet blir i arbeidsmedisinsk fagmiljø sett på som lite hensiktsmessig fordi det er så få sykdommer som oppdages uten at den ansatte selv føler seg syk. Dersom den ansatte har symptomer og føler seg syk kan selvfølgelig sykdom oppdages, men dette hører ikke med til bedriftshelsepersonellens arbeidsområde med mindre arbeidstaker tror at symptomene/sykdommen skyldes faktorer i arbeidsmiljøet. Konsultasjoner for sykdom som ikke hører med til bedriftshelsepersonellens arbeidsområde kan forsvares dersom behovet for tilrettelegging av arbeidsplassen er til stede. Bedriftshelsepersonellet vil da inngå et samarbeid med den ansatte, hans nærmeste leder og behandlende lege.

Den individuelle helsekontakten som blir gjennomført avdelingsseksjonsvis over en 3 års periode danner grunnlaget for helsepersonellens utarbeidelse av en helse- miljørapport med analyse og tolkning av data og forslag til endringstiltak. Rapporten sendes den aktuelle avd./seksjonsleder som har ansvar for det videre arbeid med handlingsplan og prioritering av tiltak i samarbeid med de ansatte.

På tross av mange års arbeid med- og markedsføring av denne arbeidsmetoden som legger vekt på å tilpasse både det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet til de ansatte for å forebygge yrkessykdom og yrkesskade, så har en del arbeidstakere fremdeles den oppfatning at bedriftshelsepersonell skal ta seg av alle sider ved deres helse. "*Hva har vi bedriftspersonell for?*" Bedriftspersonellet har som tidligere nevnt sitt arbeidsfelt innen forebyggende arbeidsmedisin (sammenheng mellom arbeid og helse).

Din «private» helse må du selv ta ansvar for. Kontakt derfor bedriftshelsepersonellet angående din arbeidshelse og primærhelsetjenesten (helsetjeneste utenfor bedriften) for dine "private" helseproblemer.



Redaksjonsrådet for Rygjavegen

Vegsjefen har oppnemnt Anne Elise Njærheim som nytt medlem i redaksjonsrådet for Rygjavegen.

Ho erstattar Reidun Lanne, som ønskte avløsning etter fire år i redaksjonsrådet. Anne Elise Njærheim arbeider i Trafikkavdelinga ved Nærbø veg- og trafikkstasjon.

Vegsjefen har vidare oppnemnt Halvor Folgerø og Lewy Dalen for to nye år som medlemmer av rådet.

Rygjavegen i ny utforming

I dette nummeret presenterer Rygjavegen seg med ny layout og med fargestrykk på alle sider. Kor vidt det blir permanent med gjennomgåande fargestrykk, er litt usikkert. Det er eit økonomisk spørsmål. Fargestrykk er ein del dyrare enn svart/kvitt.

Sissel Norland ved vårt Grafisk senter har utforma det nye omslaget, på same måte som ho er layout-ansvarleg for resten av bladet.

Den nye utforminga er mellom anna bygt opp rundt det såkalla steinmønsteret, som er ein av effektane i Statens vegvesen si samla etatsprofilering.

Me håpar at både bladet sitt «nye ansikt» og layouten elles fell i smak mellom lesarane.

Ola Undheim, Fylkestillitsvalgt Statens Bilsakkyndiges forening (SBF)



«Hvor er alle heltene.....»

...singer Jan Eggum i en av sine viser. Kanskje må vi spørre om det samme i Statens vegvesen også når vi er inne i en prosess med å ansette ny vegsjef i Rogaland. Hvor blir det av alle kandidatene til en så viktig lederstilling?

Eller kanskje vi må snu litt på spørsmålstillingen og spørre om de aktuelle lederkandidatene i det hele tatt vet om at det er ledig en vegsjefstilling i Rogaland. Jeg synes det er nesten utrolig at når Statens vegvesen skal lyse ut en slik toppstilling, så gjøres dette en gang i Norsk Lysningsblad og i lokalavisene i Rogaland. Vi snakker tross alt om en leder som skal lede flere hundre ansatte og som forvalter et budsjett på flere hundre millioner. For å sette det litt på spissen så kan vi nesten si at de aktuelle kandidatene må abonnere på «Jærbladet» for å finne stillingsannonser! Det naturlige i en slik prosess ville vært å skaffe informasjon fra de ansatte (f.eks. via de tillitsvalgte, avdelingslederne mv.) om hva slags kvalifikasjoner og personlige egenskaper de så for seg at en ny leder burde ha. Dette burde vært sammenholdt med Vegdirektoratets krav og dannet en basis for en beskrivelse av de krav og egenskaper som skulle stilles til lederen.

Og så burde man sørge for å gjøre stillingen kjent! Dersom vi ikke maktet det eller ikke maktet å finne flere enn 3 søkere, så burde vi fått konsulenter til å hjelpe oss med jobben. Min mening er at vi burde brukt et konsulentfirma i *hele* denne prosessen, slik at vi sikret en god stillingsbeskrivelse, en viss søkermengde og ikke minst en viss spredning på søkerne. Som eksempel kan jeg nevne at vi i alle sammenhenger presiserer at vi ønsker flere kvinner inn i ledende stillinger i Statens vegvesen. Dersom vi mener noe med dette, så burde det selvfølgelig vært aktuelle kvinnelige kandidater på søkerlisten, noe vi ville fått hjelp til å finne av et konsulentfirma.

Så til Vegdirektoratet må jeg si at dette holder ikke mål, og jeg vil også si at vi i Statens vegvesen Rogaland burde ha gitt signaler om en bedre prosess enn dette. Vi som er tillitsvalgte bør selvsagt også ta selvkritikk fordi vi ikke i større grad sa i fra tidligere og fikk påvirket utlysingsprosedyren.

La meg til slutt presisere at denne kritikken går på selve utlysingsprosessen og at den selvsagt ikke har noe med personene som har søkt stillingen å gjøre.



RETURADRESSE:

Statens vegvesen Rogaland
Postboks 197
4001 Stavanger



I januar starta Vegvesenet med kjøretøykontroll på Sand veg- og trafikkstasjon. Her er Øystein J. Kvalvik i arbeid med å kontrollera understellet på ein varebil, som er inne til EU-kontroll. (Side 14.)

Automobilerne besigtiges

Som bekjendt skal der ifølge de nu approberede vedtæchter foretas besigtigelse af automobilerne og førernes kyndighed prøves, inden tilladelse til kjøring gis. Der er indkommet ansøgning fra 4 automobileiere, nemlig Aalgaards, Øglænd Sandnes, automobil-selskabet i Stavanger for den store, som trafikerer Haaland og fra Th. Rønneberg for «den røde».

Eieren af den røde kommer i den vanskelighed, at føreren ikke er mere end 20 aar, mens vedtæchtene fastsetter 21 aar som laveste alder for fører. Kanske dog dispensation kan oppnaas, da føreren er en meget flink og paalidelig mand.

Hr. stadsingeniør Saxegaard er opnævnt til at foreta besigtigelse og prøver.

Stavanger Aftenblad

21. juli 1909



Statens vegvesen
Rogaland